



Innkalling til Utval for levekår

Møtedato: 19.01.2016
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:00

Medlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Det vert synfaring på Meland ungdomsskule, Holsnøy meieri, samt tidlegare banklokale i rådhuset.

Ordførar Øyvind Oddekavv møter i sak 12/2016.

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2016	Godkjenning av møtebok
03/2016	Referatsaker
04/2016	Bruk av Holsnøy gamle meieri til kulturføremål
05/2016	Eigenskapsvurdering av banklokalet i Meland rådhus til bruk som ungdomsklubb
06/2016	Plan for Den kulturelle skulesekken 2016 -2019
07/2016	Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom
08/2016	Frivilligmelding
09/2016	System for internkontroll - skulane i Meland
10/2016	Framdriftsplan barnehageplan 2016-2019 (kvalitetsdel)
11/2016	Framdriftsplan for temaplan helse, sosial og omsorg 2016-2019
12/2016	Informasjon om status arbeid med kommunestruktur
13/2016	Aktuelle saker

3. mars 2016

Sølvi Norunn Knudsen
møteleiar

Rita C. Kvalheim Sætre
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		15/3134

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
01/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/3134

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
02/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Godkjenning av møtebok

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		15/3134

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
03/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
03/2016.1	Norsk kulturindeks og Norsk idrettsindeks 2015
03/2016.2	Rapport - Kontroll av skjenkeløyve - Frivannsliv
03/2016.3	Rapport - Kontroll av skjenkeløyve - Sjøslaget
03/2016.4	Referat fra møte i Politirådet 24.11.15
03/2016.5	Referat samarbeidsutvalget for Nordhordland 11.12.15

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C50	15/2324

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Bruk av Holsnøy gamle meieri til kulturføremål

Vedlegg:

Vedlegg meieriet - bilde og illustrasjonar

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Utval for levekår hadde sak til handsaming, ULK-40/2015, om *Framtidig bruk av Holsnøy Meieri*, med vedtak «*Utval for levekår gjev tenesteområdet kultur oppdrag å utgreie vidare kostnader med å ta vare på Holsnøy meieri med tanke på bruk av huset til ulike kulturføremål.*».

Bakgrunnen for saka var korleis det gamle meieribygget kan tene innbyggjarane i framtida, der ein la fram at *Meland kommune treng eit kulturbygg som arena og møteplass for noverande og framtidige generasjonar. Meieriet kan vere eit bidrag til dette, og saka bør utgreiast vidare.* Det vart peika på fleire punkt: behov for ei regulær scene i kommunen, kommunen sitt behov for lokale til å vere ein pådrivar for kulturaktivitet, behov for møteplassar på Frekhaug og i Meland, behova for igjen få drift på ein ungdomsklubb og å kunne ta omsyna til dei kulturhistoriske verdiane på alvor.

Det er i denne vurderinga ikkje tatt med ein kostnadsanalyse, då det ikkje har vore tilgjengelege tidsressursar til det. Det var uttalte signal i møte i Utval for levekår den 8.9.2015 at ein ikkje kunne eller skulle nytte midlar på utgreiinga. Likevel har ein komme eit stykke på veg når det gjeld kostnadar ved prosjektet, og ikkje minst når det gjeld å vurdere behov, innhald og vegen vidare.

Vurdering

For å kunne gi svar på oppdraget vil vurderinga, etter å kort skildre bygget og nærområdet, først kaste lys på ulike målgrupper for eit kulturbygg, for å så vurdere behova som ligg til grunn for eit lokalt kulturbygg og møteplass. Vidare vil vurderinga omhandle korleis meieribygget kan nyttast til kulturføremål i praksis, og om kva moglegheiter, verdiar, effektar og utfordringar eit slikt prosjekt vil føre med seg. Til sist vil ein setje opp kva for kostnadar eit slikt prosjekt vil føre med seg, og korleis vegen vidare vil kunne sjå ut.

Meieriet er i vurderinga lagt fram som *kulturbygg og møteplass* og ikkje som eit *kulturhus*. Omgrepa må ikkje forvekslast. Der omgrepet *kulturhus* oftast høyrar heime i debatten kring større og ofte regionale investeringar i prestisjetunge nybygg til kultur- og næringsføremål, er omgrepet *kulturbygg*

her nemning for eit lokalt bygg til kulturføremål, med klare møteplassfunksjonar. Eit slikt bygg skal gi rom for ulik kulturell verksemd, fungere som kulturell møteplass for alle grupper, ha ei sentral lokalisering i lokalsamfunnet, med definerte og fleksible oppgåver og løysingar.

Forankring i kommunale planar

I kommuneplan for Meland 2014-2025 er to av måla for kulturfeltet ...*Vi skal stimulere til kulturell deltaking, kreativitet og fremja fysisk aktivitet og Frivillig innsats skal vere ein berebjelke i kulturlivet.*

For å oppfylle måla skal ein ...*Vidareutvikle etablerte og planleggje for nye kulturarenaer. Vidare skal det ...leggjast til rette for uformelle møteplassar og kulturtilbod for barn og unge.*

I Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv er det lagt fram at ...*Alle innbyggjarane i Meland skal kunne delta i samfunnet på møteplassar som gjer at ein blir sett og respektert. Dette er òg viktig i arbeidet for psykisk helse og menneske i vanskelege livssituasjonar.*

Det i handlingsplanen til temaplanen lagt til rette for eit nærmiljøanlegg finansiert med spelemidlar, til eigenorganisert aktivitet ved eit *ungdomshus/-klubb/kulturbygg.*

Meieristaden og det gamle Frekhaug

Figurar 1 - 4

Frekhaug meieri, eller Holsnøy meieri, vart opna i 1959, som felles meieri for Holsnøy. Dei gamle meieria vart samstundes nedlagde. Etter kvart vart dette nye samlemeieriet for lite og all mjølka vart transportert direkte til Bergen. Holsnøy meieri vart lagt ned kring 1970. Sidan har lokalet husa både butikk, ungdomsklubb, verkstad og lager.

Området kring bygget er knytt til den gamle Langelandskaaien/Frekhaug kai, som har vore utvida fleire gongar. Her var det mellom anna landhandel, postopneri, garveri og skomakar. Ferja mellom Salhus og Frekhaug var i rute frå 1954 til 1985. Hurtigbåt til Bergen var i drift fram til 1994, ein funksjon som har komme i gang igjen dei seinare åra med rehabilitert venteskur. Husa ved kaiområdet er i god stand, og står som ei rest av den tid da Frekhaugområdet orienterte seg mot sjøen, som ein sentral plass for denne delen av Holsnøy. Like nordvest for meieriet finn ein den gamle Pilgarden, med Sjørusehuset øvst i Havnebrekka. På denne eigedomen ligg òg grunnane etter Haldorsenhuset, som vart rive på midten av 80-talet. Eigedomen kom i kommunen sin hender i 1955 og har tent til kommunehus, kommunekasse og bibliotek.

Like sør for meieriet ligg Meland ungdomsskule frå 1920, fram til 1966 Frekhaug ungdomsskule, som i dag er Åsane Folkehøgskule. Kring 250 meter vest for meieriet ligg Nordgarden med våningshus og løe. Stiftinga Nordgardsløa driv forsamlingshus med kulturfunksjonar på frivillig basis og har Meland kommune og fleire lag og organisasjonar som medlemmar.

Arealformål og omsynssone kulturmiljø og kulturminne

Området er satt av til offentlig tenesteyting. Områda Pilgarden, gamle Holsnøy meieri og Frekhaug kai har i kommuneplanen *Omsyn kulturmiljø og kulturminner. H570_7 Frekhaug – kulturmiljøsona viser Frekhaug sin kulturhistoriske tilknytning til sjøen med m.a. administrasjonsbygg, ferdselsåre, meieri og kai.*

- *Eksisterande verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på og ikkje rivast.*
- *Området skal ivaretakast for framtida. Ved utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om*

løyve etter pbl §§20-1 til 20-8 skal tiltaket skje på vernet sine premisser og innanfor kulturminne/miljøet si tålegrense for endring. Det gjeld særleg tilpassing til bygningane si plassering i tun eller terreng, utforming, hovudkonstruksjonar, takform, fasadar, materialbruk og fargebruk.

- *Ved søknad om løyve til tiltak kan kommunen vurdere å gje mellombels forbod om tiltak.*
- *Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein arkitektonisk, kulturhistorisk og estetisk omtale som viser korleis tiltaket tek omsyn seg til verneføremålet.*

Ved å ta vare på eit kulturhistorisk viktig bygg, og ein av få restar etter industribygg i kommunen, kan ein sørgje for å hegne om stadidentitet ved å gi rom for eit lokalt signalbygg og identitetsmarkør.

Målgrupper for eit kulturbygg i Meland

Eit kulturbygg på Frekhaug vil måtte ha heile Melandssamfunnet som målgruppe. I følgje SSB bur det i underkant av 5 000 menneskje i tettstadane Frekhaug, Krossneset (Flatøy), Holme, Dalemarka og Moldekleiv. I tillegg kjem innbyggjarane som bur i områda mellom desse tettstadane. Kring 2/3 av befolkninga i kommunen bur i den søraustlege delen av kommunen, i nær relasjon med Frekhaug som kommunesentrum, der i underkant av 1/3 bur.

Dersom ein bryt innbyggjartala frå SSB grovt ned på alder, finn vi at 30% er 19 år eller yngre, 60% er i arbeidsfør alder mellom 20 og 66 år og 10% er over pensjonsalderen. I det heile ber Meland preg av å vere ein vekstkommune, med ein ung befolkning.

Barn og unge – 1.2015

Alder 0-19	Innbyggjartal	Prosent av aldersgruppa	Prosent av total befolkning
0 år	110	5%	1%
1-5 år	638	28%	8%
6-12 år	797	34%	10%
13-15 år	345	15%	4%
16-19 år	423	18%	5%

Som nemnd er 30% av befolkninga i kommunen 19 år eller yngre. Av desse er 2/3 i barneskulealder eller yngre. Målgruppa barn utgjer 21% av befolkninga i kommunen, med 1545 personar, mens ungdom utgjer 9% av befolkninga med 768 personar.

Kulturtilbod for barn kan potensielt nå i underkant av 1 500 barn, dersom ein ikkje reknar med spedbarna. Når det gjeld kulturtilbod til barn må ein òg rekne inn tal på barnefamiliar. Det er 536 familiar med yngste barn under skulealder, og 567 familiar med yngste barn 5-17 år. Av desse er høvesvis 52 og 122 familiar med anten mor eller far.

Kulturtilbod til ungdom, til dømes i regi av ein ungdomsklubb, har eit besøkspotensiale frå over 750 innbyggjarar i alderen 13-19. Alt i alt er det ei talrik målgruppe for kulturtilbod for barn og unge i kommunen. Denne målgruppa ser ut kjem til å halde seg stabil dei neste åra.

Målgruppa har eksisterande tilbod i skular og hos lag og organisasjonar. Likevel er det eit stort behov for ein ungdomsklubb i kommunen, noko mellom anna Meland Ungdomsråd har peika på over fleire år. Ein ungdomsklubb kan verke svært positivt for ungdomsmiljøa og ha viktige førebyggjande, kvalifiserande og utviklande funksjonar.

Ein sentral og ålmann møteplass for **barnefamiljar** i Frekhaugområdet eksisterer ikkje i dag, noko som er naudsynt for å inkludere unge innflyttarar og gjere dei i stand til å byggje og ta del i felles stadkjensle. Eit fritt og ålment tilbod, som søker støtte hos tiltaksordninga mot **barnefattigdom**, vil vere viktig for å **utjamne konsekvensane** av dei ulike forholda barn og unge i Meland veks opp i.

Vaksne – 1.2015

Alder 20-	Innbyggjartal	Prosent av aldersgruppa	Prosent av total befolkning
20-44 år	2634	49%	34%
45-66 år	1982	37%	26%
67 år eller eldre	805	15%	10%

Målgruppene i tabellen har breie alderspenn. I den lågare delen av **målgruppa 20-44** finn vi mange før og i ei etableringsfase. Nokre er studentar som bur andre stadar. I den eldre halvdel er mange etablerte, både som familiar og aleinebuande.

Den yngre delen av aldersgruppa er ofte ivrige og mobile kulturbrukarar, og kan vere motorar for nye kulturtilbod. Eit døme i Meland er Flatøy Rock, som vart arrangert i åra 2008–2014. Målgruppa flyttar ofte andre plassar for å studere eller arbeide, og eit godt kulturtilbod vil kunne fortsetje å knyte dei til heimstaden. Eit godt og relevant kulturtilbod er ein av dei avgjerande faktorane for at folk vel å busetje på den staden dei vaks opp.

Dei som er etablerte med familie vil ikkje vere like mobile når dei skal sjå etter eit kulturtilbod. Dei har ikkje alltid høve for å reise langt på kveldane, og vil heller kunne nytte seg av eit godt kulturtilbod i nærområdet. Mange av barnefamiliane i kommunen har foreldre i denne aldersgruppa. Dei er viktige frivillige arrangørar og deltakarar i tilbod til dei minste. Denne tida av livet kan ofte vere utfordrande økonomisk. Lågterskeltilbod, som kan passe for alle uavhengig av inntekt, er ein viktig innsatsfaktor mot barnefattigdom. Aldersgruppa 20-44 er sentral for den frivillige sektoren si framtid, og for rekrutteringa til arbeid og ansvarsposisjonar i lag og organisasjonar.

I målgruppa 45-66 år har ofte folk ein romslegare økonomi, meir tid til å nytte seg av kulturtilbod og vere frivillig. Målgruppa er store kulturbrukarar og ofte meir mobil i sin kulturbruk enn dei som er i etableringsfasen. På eit lokalt plan vil gruppa vere viktige for eit føreseieleg og kontinuerleg kulturtilbod, der innsats frå erfarne frivillige kulturarrangørar kan oppretthalde meir eller mindre faste kulturtilbod over lang tid. Gruppa har ei viktig rolle i å rekruttere og involvere yngre generasjonar i frivillig arbeid.

Målgruppa 67 år og over har høg deltaking i kulturtilbod og frivillig arbeid. Gruppa har ofte tid til å involvere seg i å skape og drive frivillig aktivitet og nytte seg av kulturtilbod, òg på dagtid. Den eldre delen av gruppa har store behov for kultur- og aktivitetsbehov. Ofte skjer arbeidet for dette på institusjonar, men eldre som treng gode møteplassar der dei kan oppleve kultur, underhaldning og møte andre, er ei viktig målgruppe for eit kulturbygg.

Busetjing av flyktingar i Meland dannar grunnlag for stor frivillig innsats, mellom anna ved ordninga med flyktingefadarar. Innvandrarar og flyktingar treng gode møteplassar og kulturtilbod for å oppleve, forstå og lære det norske samfunn å kjenne. Eit rehabilitert meieribygge vil ha ei viktig rolle å spele i integreringa av desse gruppene og å skape plassar der dei som er født i Noreg kan møte deira

nye landsmenn.

Når det gjeld **tilkomst** er det gang- og sykkelveg frå Dalemarka og Krossneset, og det er prosjekt i Nordhordlandspakken for tilsvarande frå Moldekleiv til Fosse og frå Holme til Sandskaret ved Dalemarka. Det er gode vegsamband frå Holme via Frekhaug til Flatøy, og vegen frå Fosse til Moldekleiv er eit prosjekt i Nordhordlandspakken. Kollektivtrafikken er relativt god frå Mjåtveitflaten via Frekhaug til Flatøy, mindre god frå Dalemarka og Holme, og dårleg frå Moldekleiv. Behovet for betring av gang- og sykkelveggar er omtala i Kommuneplan for Meland 2014–2025, Tiltaksplan for trafikksikring 2012–2016 og Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019.

Kulturbygg og møteplass i Meland kommune

Dei siste tiåra har det skjedd ei endring i synet på kommunane si rolle på kulturfeltet, med ei aukande forventning om å vere ein aktiv medspelar. Eit av resultatane har vore bygginga av kulturhus i landet. Desse ålmenne arenaane er meint til å vere ein motor for lokalt og regionalt kultur- og samfunnsliv, i tillegg til å verke positivt for næringslivet. Mange stader har ein tatt i bruk eldre bygg i deindustrialiserte område, som ved USF Verftet i Bergen, Tau Scene i Stavanger og ved papirfabrikken i Moss. Enkelte gonger har ein etablert nybygg i tilsvarande område. Å fylle eit slikt postindustrielt bygg med aktivitet er ofte eit ønskje som kjem nedanfrå, frå kunstnarar sjølv. Samfunnsutviklinga peikar vidare mot behov for næringar og aktivitetar som kan bidra til ny stadidentitet og sosial tilhøyrsløse.

I same periode fekk kunsten ei ny rolle og betyding i at den oppmodar til større deltaking og eit meir aktivt samspel med lokalsamfunnet. Kulturhusa framstiller seg ofte som lokal og folkeleg, med brei appell. Samtidig har det i dei siste åra i aukande grad vorte stilt spørsmål ved omfanget, dimensjonane og kostnadane ved desse bygga, der det vert spurt om det er samsvar mellom innbyggjarane sine behov og bygget som vert sett opp.

For Meland sin del manglar kommunen eigne lokale til å verke som pådrivar for lokal kultur. Det betyr ikkje at ein naudsynlegvis treng eit regulært kulturhus i kommunen, men at ein har behov for tenlege og fleksible lokale, som er kostnadseffektive å drive. Dei må vere profesjonelt utstyrt, men ikkje på ein måte som førar til store leigekostnadar for dei som skal fylle bygget med aktivitet. Terskelen må vere lav for å nytte seg av bygget, det vere seg til arrangement, øving, opptak eller undervisning. Dersom ein skal gjennomføre eit prosjekt knytt til eit lokalt kulturbygg i Meieriet, må ein ta med kva for kulturliv ein har i kommunen i dag og kva meir det er eit ønskje om å få til.

Eit kulturhus skapar ikkje kultur, det er det innhaldet vi fyllar det med som gjer. Der for må ein òg sjå på korleis drifta kan organiserast, og korleis bygget kan vere så fleksibelt at ein held døra open for det som ikkje var planlagt og tenkt på av innhald i det første. Eit slikt bygg vil ha eit langsiktig perspektiv, og skulle vere i drift som ein naturleg del av samfunnslivet i kommunen. Bygget må liggje på ein sentral stad, med gode kommunikasjonar og ikkje minst vere synleg i gatebildet.

Tanken om å nytte eksisterande postindustrielle bygg, er som nemnd over ikkje ny. Eit nytt eksempel i regionen er ved Høgskulen på Kronstad. Her har studentane fått sin kulturplass Kronbar, i ein av dei gamle lokomotivhallane. Interiøret har innordna seg i det gamle, der ein ikkje har prøvd å pynte på feil og manglar, men heller arbeidd seg rundt det. Teglstein med knuste hjørne vart ikkje skifta ut, og maskinmaterieil og kranar er med å gi lokalet eit tydeleg særpreg og ein klar identitet.

Eit brukt bygg har ofte ein tidlaus karakter og ein slik sterk identitet. Bygget er ettertrakta, sidan det allereie er budd inn. Ved å ikkje prøve og endre bygget til å ha eit sterkt preg av samtida, vert den gamle identiteten og stadkjensla i bygget tatt vare på. Det gjer òg at det i tiåra framover vil vere mindre sannsynleg at det opplevast som utdatert, sidan det ikkje ber preg av ei tid over ei anna. Her

passar det gamle meieriet på Frekhaug godt inn.

Behov for kulturbygg og møteplass i Meland kommune

Det er fleire kjente og konkrete behov for ein slik plass:

- Kulturlivet i Meland er godt og sterkt, men til ein viss grad lite synleg og samla. Det er eit stort behov for ein samlande møteplass for heile kommunen. Eit samfunn utan ein felles plass der folk kan møtast manglar litt av limet som held det saman.
- Det er eit svært stort behov for ein ålmann møteplass for dei mange unge i kommunen.
- Kommunen har i dag få høve til å sjølv vere ein pådrivar for eit godt kultur- og samfunnsliv, sidan han ikkje har ein eigen stad til å drive kulturverksemd, som òg kan vere ein møteplass for, av og med innbyggjarane. Utan ein slik stad er òg høva til å få inn ekstern finansiering svært avgrensa.
- Avvikling av kulturarrangement inneber store utgifter til leige av scene, lyd og lys, i tillegg til at det tek opp mykje tid og personalressursar. Dette gjer at kommunen sjeldan har høve til å avvikle arrangement, heller ikkje for unge. Desse ressursane går til detaljar ved arrangementa og ikkje til å bidra til at folk – unge som vaksne – kan skape, oppleve og vidareutvikle kulturlivet.
- Fleire lag- og organisasjonar har uttrykt behov for lokale til kulturverksemda si. Behova er særleg knytt til lokale for øving og aktivitet, og avvikling av arrangement.
- Kulturfagleg er det i dag mangel på lokale som kan verke utviklande og samlande for kulturlivet i kommunen, særleg med tanke på å utvikle høve for å kunne nytte øvings-, kunst- og fotorom til eigen og felles utvikling, i tillegg til opplæring i teknisk utstyr og arrangørkunnskap.

Forholdet til organisasjonsdrivne bygg i Meland

Det er fleire ulike forsamlingshus med kulturfunksjonar i kommunen, alle drivne av lag og organisasjonar. **Husebø grendalag** har nylig tatt over bedehuset i Sætrevikskrysset og flytta aktiviteten dit frå gamle Husebø skule. Laget driv for tida og pusser opp kjellaretasjen i bedehuset. **Ungdomslaget Framsteg** har eit populært og tradisjonsrikt hus på Vikebø, der dei nylig har totalrenovert kjøkkenet. **Rosland indremisjon** driv òg hus i området, med aktivitetar for alle aldersgrupper. **Nordre Holsnøy IL** har bygt eit moderne og føremålstenleg klubbhus med forsamlingshusfunksjonar ved idrettsanlegget i Leirdalen.

På Holme driv **Meland musikklag** hus i Musikkhallen med nyinvesteringar i mellom anna møblement, og **Ungdomslaget Von** har høg aktivitet i lokala sine på Tveit, mellom anna med oppgraderingar av uteområda. **Ungdomslaget Solglytt** på Dale har auka aktiviteten med ny rekruttering i laget, og på Frekhaug er det mykje aktivitet på bedehuset, mellom anna via Sagstad kristelege ungdomslag (**SKRUL**). **Melandskyrkja** har nye lokale i Frekhaug senter, og det er fleire **frikyrkjelege samfunn** i kommunen som fungerer som møteplass. På Grasdal har **Ungdomslaget Varden** høg aktivitet med vitjande frå mellom anna byggjefelta på Moldekleiv og Heiane.

På **Myrtveit** er det aktivitet og samlingsplass i bygdehuset, og **Nordre Austebygd vel** har gjort stor dugnadsinnsats dei siste åra for å få gamle Gaustad skule i stand til bruk for fastbuande og hyttefolk i Austebygda. **Flatøy bygdelag** har sitt senter ved gamle Flatøy skule, med mellom anna fritidsklubb og utleige.

Desse lokala er veldrivne med betydeleg frivillig innsats, med sterk vilje til å spele ei rolle i både i nærmiljøet og kommunen i heilskap. Samfunnet støttar dette arbeidet mellom anna gjennom lokale, regionale og nasjonale tilskotsordningar. Frivilligheit er noko som må leve i tett samkvem med kommunen, i den forstand at det offentlege ikkje kan ta denne innsatsen naudsynlegvis som ein

ibuande kraft som alltid er til stades, men at ein må vere med å støtte og samarbeide med henne. Organisasjonsdrivne bygg driv etter eigne lokale føremål, ønskje og føresetnadar, noko som er deira privilegium og vil endre seg over tid. Eit organisasjonsdrive bygg vil ikkje kunne drive eit tilbod, som vil ha som føremål å vere til nytte og tilgjenge for alle potensielle ønskje for kulturtilbod til ein kvar tid. Vidare er det ikkje å forvente at eit bygg, drive ved frivilligheit aleine, skal kunne stille med profesjonelle kulturtekniske rammer.

Ei rehabilitering av gamle Holsnøy meieri til kulturføremål vil vere eit supplement til desse bygga, og ikkje ein konkurrent. Meieriet har ei lokalisering i eit område der det manglar slike bygg, og vil måtte vere drive på profesjonelt vis. Det vil vere til fordel for frivilligheita, der det ligg mange høve for samarbeid, opplæring og utvikling i møtepunktet mellom amatørkulturen og profesjonelle og føreseielege rammer.

Ideelle, offentlege og kommersielle kultur- og møteplassar i Meland

Av andre bygg med kultur- og møteplassfunksjon kan ein nemne **Sjøslaget** i Sætrevikskrysset, med pub, kulturinnslag og matservering, restauranten **Sansetunet** på Kårbø, som nyttar seg av lokale råvarer, og ikkje minst alle kulturarrangementa ved **Galleri Rustica** på Holmeknappen.

Stiftinga Nordgardsløa, som er frivillig driven med kommunen som medlem, driv med sprengt kapasitet på Frekhaug, med nyinvesteringar i varmpumpe og kjøkkeninventar. Ho er ikkje tilrettelagt med eiga scene. Løa er svært mykje brukt og det er ingen ledig kapasitet på dagtid, og svært pressa i helgene. Avvikling av arrangement for ungdom i løa går dårleg over eins med inventaret og utstyret der. Det er leigekostnadar for arrangement på kveldstid og i helgene. På same vis har ikkje **kultursalen på Meland Aktiv** utstyr til avvikling av konsertar. Scena og lokalet er lite egna til formålet, og kulturskulen har mykje aktivitet her og i naboromma. Lokalet er ikkje tilfredsstillande lydisolert, og høg lyd går dårleg over eins med bebuarane i dei kommunale bustadane i etasjen over. Plasseringa er på mange vis lite sentral, noko mellom anna ungdom har peika på. Kollektivtilbodet er dårleg på dagtid og ikkje-eksisterande på kveldstid. Det er gang- og sykkelveg frå Frekhaug, men eit godt stykkje å gå – særleg frå dei nye felta i Mjåtveitmarka. **Nordhordland folkehøgskule** på Frekhaug har den einaste tilnærma regulære scena i kommunen, der det vert skipa til ulike kulturarrangement heile året. Scena er svært mykje brukt, og har tilgang på teknisk utstyr. Salen er for stor for mange arrangement og inneber leigekostnadar.

Meland bibliotek held arrangement gjennom heile året i moderniserte lokale i Frekhaug senter, mellom anna med foredrag, bokkafear, teaterframsyningar, konsertar og utstillingar. Lokala er ikkje lagt til rette for å avvikle regulære kulturarrangement frå scene og har avgrensa plass til publikum.

Eit rehabilitert meieribyg vil kunne utfylle desse lokala, og gi kommunen ein stad for å drive kulturtilbod der utgiftene vil gå til drift av tilbod, og ikkje til leige av utstyr og detaljar ved arrangementa knytt til logistikkutfordringar. Eit kommunalt og kulturteknisk tenleg bygg vil gjere terskelen låg for å initiere, hjelpe til med og skipe til kulturtilbod.

Ungdomsklubb i Holsnøy meieri

For ein meir inngåande vurdering av utfordringar, effektar og driftsmodellar knytt til ungdomsklubb generelt, vil ein vise til saka *Eigenskapsvurdering av banklokalet i Meland rådhus til bruk som ungdomsklubb*, jp-16/188, sak-ID 16/77.

Ein av konklusjonane i den saka var at ...*Vurderinga visar til at ein ungdomsklubb er svært positivt for ungdomsmiljøa, og har viktige førebyggjande, kvalifiserande og utviklande funksjonar.*

Eit kulturbygg med høg deltaking av ungdom vil vere eit godt kulturbygg. Dei kan ha sine eigne faste kveldar med aktivitetar som film, spel og konsertar. På tidlig ettermiddag kan barn og unge gå rett frå

Meland ungdomsskule på motsett side av vegen, eller frå Danielsen ungdomsskule noko lengre sør, inn på Meieriet, få seg ein matbit og leksehjelp, og treffe andre før dei drar heim eller på trening. Ved å ha ein plass med eit organisasjons- og livssynsnøytralt utgangspunkt, vil ungdom «gå på Meieriet», sjølv om det skulle vere andre enn kommunen som arrangerer det aktuelle tilbodet den dagen. Slik kan ulike organisasjonar verke i bygget, men da i eit bygg som er eigd og drive av fellesskapet og slik er nøytral grunn.

Ungdom har behov for eit kulturtilbod og ein sosial møteplass der dei kan ha innverknad. Eit godt, ope og inkluderande ålment kulturtilbod vil òg gjere mykje for å fange opp dei som kan vere i randsonar av uønskte miljø. Det er funn på at dei som vanlegvis rusar seg mykje, rusar seg betydeleg mindre når dei er medlemmar av ein ungdomsklubb, og at det kan verke som om arbeidet og haldningane mot rus faktisk har ein verknad.

Ungdomsrådet og ungdomstilbod

Ungdomsrådet hadde spørsmål om bruk av meieriet til handsaming i møte 26.11.2015, UR-17/2015, med vedtak, «*Ungdomsrådet ser på meieriet som ei investering for framtida og ønskjer å bruke bygget til ungdomsklubb. Kommunen er i stor vekst, òg med tilstrømming av flyktingar, og ungdom treng ein møteplass for å betre sosialisering, skape eit miljø, integrere og inkludere. Rådet ser mye potensiale og ønskjer å vere del av ein eventuell prosess vidare.*»

Rådet var den 26.11.2015 på synfaring i det gamle banklokalet i Meland rådhus, UR-18/2015, med vedtak «*Ungdomsrådet ønskjer å sjå an prosessen med meieriet før ein går vidare med ungdomsklubb i banklokalet*». I møte 7.1.2016 diskuterte rådet vegen vidare for ungdomsklubb i Meland, UR-06/2016, og gjorde vedtak, «*Ungdomsrådet ønskjer ikkje å ha ungdomsklubb i banklokalet, på bakgrunn av diskusjonen i møtet*».

Ungdomsrådet stilte spørsmål ved om banklokalet var egna til å drive klubb, med tanke på tryggleik, plassering og kostnader. Dei såg på meieriet som eit meir naturleg og tenleg bygg, og stilte spørsmål om ei midlertidig løysing kunne verte god nok til å tiltrekke seg ungdom. Meieriet vart trekt fram som ein plass med fleire store rom, plass til scene, område kor ein kunne leggje til rette for uteaktivitetar og med ei sentral plassering som likevel ligg litt for seg sjølv.

Meieriet som kulturbygg

Figur 5–8 og 10.

For at meieriet skal takast vare på og nyttast til kulturføremål må det rehabiliterast. Plan, utvikling og kommunalteknikk må òg finne ei alternativ løysing for dagens bruk av meieribygg.

Bygget har ei grunnflate på 335 m², og to etasjar. Romskilla i bygget er anten i betong eller som lettveggar.

Sal/produksjonshall

Salen i bygget er den gamle produksjonshallen ved meieriet, med store lyse vindaugsflater og høgt tak for å få plass til mjølketankane. Det er eigen utgang mot mjølkerampe i sør. I etterkant av meieridrifta har det verte sett inn eit etasjeskilje i hallen. Dette skiljet er ikkje konstruert for å kunne bere ein bruk av rommet over.

I salen var det disko ved Meland kommunale fritidsklubb, som var i drift fram til 1.8.2008. Ein kan

enno sjå restar etter lysanlegget og inntil nylig DJ-bordet.

Ved bruk av salen til kulturføremål, vil ein måtte reetablere den gamle takhøgda. Ein vil da få eit høgt rom med store lyse vindauge, med klare liner til den gamle produksjonshallen. I den austlege delen av rommet er det eit naturleg sceneområde, der ein kan ha kulturteknisk lager og mindre bakrom mot nord.

Rommet bør vere kvitt, der ein i sceneområdet kan dra for mørke bakheng ved behov. På kveldstid kan ein fargelegge flatar med ulike type lys, både ved vanleg belysning og scenelys. Her vil avlange LED-lystriper til scenebruk kunne gjere nytta på ein diskre måte, utan behov for store lysriggar i taket.

Eit slikt kvitt rom og sceneområde vil dra nytte av lysinnsleppet frå dei store vindauga, og gi lokalet høve til å verte nytta til mange ulike aktivitetar, som konsertar, teaterframsyningar, performance, utstillingar, øvingar, filmklubb og kino, basarar og marknader.

Scenegolvnet må bestå av mobile sceneelement, der ei framsyning kan velje å stå rett på golvet eller nytte scenehøgda. Ein kan da òg nytte området til andre aktivitetar når det ikkje er behov for scene.

Av høgtalarflate bør ein sjå etter eit mindre line array-system med subbar. Ei slik flate vil ikkje ta for mykje merksemd og plass, men likevel kunne levere tydeleg og klart i heile rommet utan for høge volum. Systemet må ha ei ålmenn tilkopling til dagleg bruk, men òg høve for å kople seg på med større lydpuvt i bakre del av rommet. All kabling må leggjast i gulv, og koplast på ein tenleg og føreseieleg måte. Ei slik investering vil òg inkludere ulike typar mikrofonar, stativ, kabling, datamaskin, software og lydpuvt. Utover å fylle hovudoppgåva ved å levere lyd til publikum, vil eit slikt moderne system automatisk ha funksjonar som gjer at det kan nyttast til høgkvalitets multisporsoptak. Vidare må scena ha tilgang på grunnleggjande backline.

Lager/bakrom scene

Det vil vere behov for eit kulturteknisk lager ved scena. Her kan ein sjå etter høve til å leggje til rette for eit mindre bakrom til bruk for sceneaktørar.

Opphaldsrom, myldreområde, garderobe

Veggskillet mot salen kan truleg fjernast, og ein bør sjå på høva for ei fleksibel løysing ved denne vegg, slik at rommet eventuelt kan kombinerast med salen.

Toalett, vaskerom, ventilasjon og lager

Det vil vere behov for eit moderne toalettanlegg, med universelt utforma toalett med stellebord. Vidare må det settast av plass til stol- og bordlager, samt ventilasjon.

Kjøkken og kiosk

Kjøkkenet må vere tenleg til å leggje opp mat til større arrangement, samt produsere i mindre mengder. Det må ha moderne innreiing, mellom anna med gode kjølefasilitetar. Rommet må vere tilrettelagt til å fungere som kiosk/kafe ved arrangement.

2. plan

2. etasje fungerte som sosial møteplass for ungdom under den tidlegare kommunale fritidsklubben. Her vil ein kunne leggje til rette for ungdomsaktivitetar, kunstrom, område for leksehjelp, spelerom, og mørkerom. Eventuelt kan det mindre rommet nyttast som driftskontor. Kulturskulen har mangelfulle lokale for kunstundervisninga og lokala kan verte nytta til undervisning både i skule og

kulturskule.

Tilknytt område

Figur 9

På nordsida av bygget er det eit ope område, som må ryddast og leggest til rette med benkar og bord. Her er det utsikt forbi Nordhordlandsbrua og inn mot fjella.

Uteplassen sør og aust for bygget vil vere ein naturleg stad å ha salsbodar ved utemarknadar, samt kunstaktivitetar som grafittiveggar. Vest for bygget kan ein leggje til rette som nærmiljøanlegg for eigenorganisert aktivitet. Dette bør byggast samtidig med ei rehabilitering av bygget.

Vidare vest for meieriet, ved Pilgarden/Sjursehuset, vil ein få eit flott parkområde ved å rydde krattskogen. Her kan ein nytte den gamle dokumentasjonen over plantar i hagen (*figur 2*), for å reetablere han slik den såg ut før. Dette vil òg knyte Sjursehuset og meieriet tettare saman.

Styrbustaden, eller «det gule huset», er ikkje omtala i denne vurderinga. Bygget står i nær tilknytning til meieriet og vil kunne verte nytta til bruka av lag og organisasjonar, på same måte som Sjursehuset. Delar av bygningen kan fungere som kortvarige salslokale for lokale småskalaproduentar av kunst, handverk og lokalmat.

Kostnadar og vegen vidare

Det vart gjennomført synfaring med Ronny Landaas og Harry Finseth ved Plan, utbygging og kommunalteknikk i desember 2015. Ei rehabilitering av bygget, med nytt tak, fasade, modernisering av elektrisk anlegg, vatn og avløp og ventilasjon vart vurdert til å liggje i storleik på kr 3,5 millionar. I tillegg kjem innreiing og kulturtekniske installasjonar. Det kulturtekniske biten vil med lyd, lys, backline og scene ha ein storleik på kr 550 000. I tillegg kjem utstyr til ungdomsklubb, stolar, bord, kjøkken og investeringar i nærmiljøanlegg. Ein har ikkje sett på kostnadar til dette i denne vurderinga, men kjøkkenet vil etter andre døme få ein kostnad på kring kr 500 000. Det må finnast ei løysing for universell tilkomst til 2. etasje i bygget, fortrinnsvis ved stolheis i trapp, sekundært ved utvendig rampe.

Eit slikt prosjekt kan hente **delfinansiering** frå spelemidlar til lokale kulturbygg på 1/3 av totalkostnad av bygg. Investeringar i nærmiljøanlegg til eigenorganisert aktivitet i tilknytning til bygget kan få dekkja 50% av kostnaden. Musikkutstyrsordninga kan yte tilskot til lydutstyr, romakustiske tiltak og lydisolasjon. Noko av det innvendige kan truleg pussast opp med lokal dugnadsinnsats, og ein må sjå etter sponsorar og støtte frå andre tilskotsordningar for å bidra i finansieringa av prosjektet, og redusere presset på den naudsynte kommunale investeringa i størst mogleg grad.

Eit slikt bygg vil måtte **driftast av kommunen**, og vil innebere ei auking av tilgjengeleg personalressurs. Ei ny stilling må opprettast for å drifte huset, ved å sørgje for innhald, gjere vedlikehald på det kulturtekniske utstyret og sørgje for aktivitet for barn og unge. Det vil vere behov for frie midlar til å initiere, samarbeide og skipe til arrangement, halde utstyr ved like og stå for eigendel i tilskotsordningar. Forsikringane til bygget vil truleg måtte justerast, og det er nærliggande at strømutgiftene vil auke.

Det vart vurdert på synfaringa med Landaas og Finseth at eit prosjekt for å nytte meieriet til kulturføremål vil i stor grad kunne gjennomførast med interne ressursar i kommunen, utan større behov for ekstern konsulentteneste. Det vurderast vidare til at kommunen sjølv kan greie ut dei kulturtekniske behova og kostnadane, med mindre behov for konsulentteneste.

Vegen vidare for å ta vare på gamle Holsnøy meieri til kulturføremål vil vere å leggje fram eit mandat

for ei administrativ arbeidsgruppe, med Utval for levkår som styringsgruppe, som kan planleggje bygget med interne ressursar og gi faktagrunnlag for naudsynt kommunal investeringsramme og søknadar om tilskot frå spelemidlar og andre ordningar. Gruppa må samstundes sjå på løysingar for behova til Plan, utvikling og kommunalteknikk i å finne alternative lokale for deira verksemd i bygget.

Konklusjon

Vurderinga for sak om *Framtidig bruk av Holsnøy Meieri*, ULK-40/2015, med vedtak «*Utval for levkår gjev tenesteområdet kultur oppdrag å utgreie vidare kostnader med å ta vare på Holsnøy meieri med tanke på bruk av huset til ulike kulturføremål.*» ligg føre.

Vurderinga viser til at eit kulturbygg er forankra mellom anna i kommuneplanen, der ein skal *...planleggje for nye kulturarenaer, det skal ...leggjast til rette for uformelle møteplassar og ...kulturtilbod for barn og unge, for å stimulere til kulturell deltaking, kreativitet og fremja fysisk aktivitet.* Meieribygget skal takast vare på i tråd med omsynssone kulturmiljø og kulturminne H570_7 Frekhaug, som eit av flott døme på tidlegare industribygg i kommunen.

Vurderinga viser til at det er eit stort behov for eit ålment kulturbygg og møteplass for kommunen, med målgrupper i alle aldrar. Meieribygget er egna til kulturføremål, som eit senter for kultur- og samfunnsliv i kommunen og eit supplement til tilboda frå eksisterande lag- og organisasjonar. Bygget kan vere ein motor for å tilby sosiale møteplassfunksjonar, kulturelle opplevingar og kunnskapsutveksling blant innbyggjarar og kulturaktørar i kommunen.

Vurderinga tar for seg korleis meieriet kan innreiast og driftast, der det må leggast opp til ei auke i tilgjengeleg stillingsressurs.

Vidare viser vurderinga til at dersom meieriet skal takast vare på og nyttast til kulturføremål må det rehabiliterast. Plan, utvikling og kommunalteknikk må òg finne ei alternativ løysing for deira bruk av bygget. Det må til sist gjevast eit mandat til ei arbeidsgruppe som kan prosjektere og leggje fram eit klart prosjekt.

Framlegg til vedtak:

«Vurderinga vert teken til vitande. Det vert oppretta ei administrativ arbeidsgruppe med mandat å prosjektere å ta vare på Holsnøy meieri til kulturføremål.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C11	16/77

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
05/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Eigenskapsvurdering av banklokalet i Meland rådhus til bruk som ungdomsklubb

Vedlegg:

Ungdomsklubb i banklokalet i Meland rådhus - Særutskrift frå møte i UR 26.11.15, sak 18/2015

Vegen vidare for ungdomsklubb i Meland kommune

Foto - vedlegg - Eigenskapsvurdering av banklokalet i Meland rådhus til bruk som ungdomsklubb

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I møte den 8.9.2015 under aktuelle saker, ULK-49/2015, bad Utval for levekår om å få vurdert om banklokalet i kjellaretasjen på Meland rådhus kan vere egna som ungdomsklubb.

Ungdomsrådet var på synfaring i lokalet den 26.11.2015 og hadde spørsmålet oppe til handsaming, UR-18 /2015, med vedtak «Ungdomsrådet ønskjer å sjå an prosessen med meieriet før ein går vidare med ungdomsklubb i banklokalet».

Kommunestyret vedtok i møte den 16.12.2015, KS-140/2015, å setje av «kr 200 000 til fritidsklubb Frekhaug. Føresetnad – arbeidet må i all hovudsak skje i regi av friviljuge lag og organisasjonar».

Ungdomsrådet hadde opp spørsmålet om vegen vidare for ungdomsklubb i Meland kommune i møte den 7.1.2016, UR-06/2016, med vedtak «Ungdomsrådet ønskjer ikkje å ha ungdomsklubb i banklokalet, på bakgrunn av diskusjonen i møtet».

Omgrepa fritidsklubb og ungdomsklubb har begge vore nytta i samband med problemstillinga knytt til denne saka. I vurderinga her vert fritidsklubb berre nytta når det kjem frå sitat. Elles vil ungdomsklubb verte nytta, utan at ein her tek ei vurdering av eventuell innhaldsforskjell mellom dei to omgrepa.

Vurdering

Spørsmålet som ligg til grunn er om banklokalet i Meland rådhus kan vere egna som ungdomsklubb. Etter å kort ta for seg historia bak saka om ungdomsklubb på Frekhaug, vil vurderinga som følgjer komme inn på fleire problemstillingar knytt til spørsmålet. For det første vil ein prøve å sjå på ulike modellar for kva ein ungdomsklubb er og kan vere. For det andre vil ein prøve å belyse om banklokalet kan vere egna til ungdomsklubb sett i forhold til desse ulike modellane, og søkje å kaste lys på korleis ei organisering av ein klubb i banklokalet kan sjå ut, kva for føresetnadar som bør liggje

til grunn og kva for kostnader det kan føre med seg.

Den gamle ungdomsklubben i Meland

Meland kommunale fritidsklubb var i drift i det gamle meieriet på Frekhaug fram til 1.8.2008. Driftsbudsjettet var på kr 390 000, til løn, utstyr, aktivitet og drift. I 2009 vart det sett av kr 130 000, ein post som vart ståande fram til 2013. Desse midlane skulle stå for drift i samarbeid med lag og organisasjonar, men vart ikkje nytta då IL Kvernbit i november 2009 kom med tilbakemelding om at dei ikkje kunne stå for drifta av klubb i Meland Aktiv.

Den 26.1.2010, ULK-007/10, vedtok Utval for levekår å setje ned ei prosjektgruppe for å drøfte bruken av midlane. Grappa skulle bestå av politikarar, administrasjon, Meland ungdomsråd, brukarar og frivilligheita. Vidare vart det skipa til eit temamøte om problemstillinga. I etterkant av møtet vedtok Utval for levekår den 8.6.2010, ULK-045/10, at ein burde vurdere oppretting av stilling som ungdomskoordinator i samband med budsjett for 2011. Etter innspel frå Meland kyrkjekontor om eit samarbeid, vedtok Ungdomsrådet den 9.6.2010, UR-027/11, at dei fann «*at Møteplassen Ungdom ikkje dekkjer det behovet som ungdomane er ute etter.*» Den 30.8.2011, ULK-071/11, vart vedtaket om vurdering av oppretting av stilling som ungdomskoordinator gjentatt for 2012. Dette vart stadfesta i Formannskapet, FS-139/11. Den 4.10.2011, ULK-078/11, vart sak om å starte tverrsektoriell administrativ arbeidsgruppe vedtatt. Foreløpig resultat vart presentert for Utvalet den 24.1.2012, ULK-011/12, med vedtak om å fortsetje arbeidet.

Det har sidan 2013 ikkje vorte arbeida med å etablere ein ny ungdomsklubb grunna manglande ressursar. Utstyret til klubben står i hovudsak på Meland Aktiv, men er i varierende stand og alder.

Ungdomsklubb – innhald og funksjon

Store norske leksikon definerer *fritidsklubb* som «*...virksomhet som har til formål å gi større barn og ungdom et sted hvor de kan tilbringe fritid sammen med jevnaldrende... De fleste er kommunale, men de drives også av borettslag, foreldregrupper o.a., eventuelt i samarbeid med kommunen... Hver klubb har en voksen leder, i alminnelighet fast ansatt, men mye av ansvaret for drift og arrangementer faller på ungdommene selv.*».

Det er i hovudsak ei spenning mellom to ulike profilar i norske ungdomsklubbar. På den eine sida har ein den ungdomskulturelle og estetiske klubben med fokus på aktivitetar og ferdigheiter knytt til kulturuttrykk. Frå motsett utgangspunkt, i den klassiske forståinga av dette, finn ein klubben som i større grad vektlegg sosialt arbeid. Analysane til Vestel og Hydle (Nova, 2009) viser at klubbar driv med begge profilar, men ofte har eit hovudfokus mot ein av dei.

Desse to klassiske og i og for seg ulike utgangspunkta, ungdomsklubb som eit sosialpolitisk tiltak eller som eit kulturelt tiltak, har vore med oss i lang tid. Begge utgangspunkta har med seg viktige poeng. Ungdom som er i randsona av uønskt aktivitet og åtferd må fangast opp og takast vare på. Eit slikt førebyggjande perspektiv er ålment i ungdomsarbeidet. Ungdomstida er ei tid i livet der unge med ofte svært ulik bakgrunn og levevilkår kjem i kontakt med nye menneskje, moglegheiter og utfordringar. Ein ungdomsklubb kan til ein viss grad verte forstått som eit reiskap for samfunnet sitt behov for kontroll over ei tid i livet der mange slit med å finne sin plass. Eit slikt tilbod har òg ofte utstrakt samarbeid og kontakt med andre ungdomsrelevante aktørar, som skule, helsevesen, barnevern og politi.

Som eit kulturtiltak gir ungdomsklubb barn og unge høve til å ta del i kulturen sin eigenverdi. Ein klubb skal vere inkluderande, der dei materielle verknadane av kultur skin gjennom ved å skape ein stad der utvikling av eigen og felles kreativitet og ferdigheit er med å skape gode lokale ungdomsmiljø. Ungdom i randsonen av uønskt åtferd kan her finne ein plass som ikkje ekskluderer,

men heller dreg med og inkluderer. Klubbar har ofte eit stort og variert repetoar av aktivitetar og moglegheiter for ungdomen, særleg retta mot medverknad, utvikling av tillitsrelasjonar mellom ungdom og personale og ulike formar for kvalifisering. Ein ungdomsklubb er ein demokratisk arena, der ungdom sjølv har høve til å leggje føringar for drifta ved at ho er ungdomsstyrt og ungdomsdefinert.

Ungdomsklubbar har som nemnd generelt eit arbeid retta mot førebygging, men det er ulike syn og utgangspunkt for på kva grunnlag ein ungdomsklubb kan verke positivt på dette feltet. Om ein vel å setje i gang ein ungdomsklubb, bør dette spenningsfeltet mellom det sosialpolitiske og det kulturelle problematiserast, i tillegg til å gjere ei vurdering av kva for hovudprofil eksisterande tilbod har i dag.

Den norske ungdomsklubben skal tradisjonelt vere for alle, både for dei såkalla veltilpassa og dei som har utfordringar. I følge Vestel og Hydle (Nova, 2009) finn man i ungdomsklubbane nettopp dette store mangfaldet av ungdom, som ofte i særlig grad er sosiale og mykje med vennar i det offentlege rom, noko som inneber at dei tenderer til å unndra seg vaksenkontroll. Klubbar når som oftast fram til den ungdomen dei ønskjer å drive for. Eit sentralt funn viser at dei som vanlegvis rusar seg mykje, rusar seg betydeleg mindre når dei er medlemmar av ein ungdomsklubb, og at det kan verke som om arbeidet og haldningane mot rus faktisk har ein verknad.

Modellar for organisering og drift av ungdomsklubb

Når det gjeld organisering av ungdomsklubb kan ein i hovudsak setje opp fire grovmodellar.

Den første og mest vanlege modellen er ein kommunal ungdomsklubb med kommunalt tilsette. Her vil det ofte vere ein overordna ungdomskoordinator eller kulturtilsett med ansvar for kulturtilbod for barn og unge. Vedkommande organiserer og koordinerer ungdomsarbeidet saman med ein eller fleire klubbleiarar, som driv klubb anten aleine eller i fellesskap. Denne modellen finn vi til dømes i Austrheim, Radøy, Bergen og til dels Lindås. Driftskostnadane er her forutan løn knytt til lokale, utstyr og aktivitetar. Fleire har òg nytta moglegheita for å ha lærlingar i barne- og ungdomsarbeid ved sin ungdomsklubb.

Ein nært relatert modell er å ha ein kommunalt eigd og drifta klubb med ein tilsett ansvarsperson i form av ungdomskoordinator eller klubarbeidar, der frivillige hjelper den kommunalt tilsette med sjølve drifta av klubben og gjennomføring av aktivitetar. Dette er ei løysing som er svært vanleg mange stader i landet, òg her i nærregionen. Driftskostnadane kan vere lågare alt etter korleis stillingsbehovet vil vere, men det vil alltid vere til stades ein kommunalt tilsett med drift av ungdomsklubb som prioritert oppgåve.

Den regulære ungdomsklubben med kommunalt tilsette kan vere ein viktig ressurs for ei kommunal satsing for barn og unge. Ved å tilby eit omfattande aktivitets- og kvalifiseringstilbod, der ungdom kan ha tillit til faste vaksne ansvarspersonar med ungdomskompetanse, får ein senter for det generelle ungdomskulturelle og –sosiale arbeidet i kommunen. Radøy og Austrheim kommunar har klubbane sine i sentrum for si ungdomssatsing under leiing av ungdomskoordinatorar, saman med til dømes ungdomsrådsarbeid og ung arrangørkompetanse i kommunale og regionale arrangement. Radøy vart i 2014 kåra til årets barne- og ungdomskommune i Noreg for si satsing.

I Bergen har klubbane lenge vore ein ressurs for å prøve å skape møteplassar for ungdom i bydelane. Klubben i Ytre Arna er del av områdesatsinga der, og har saman med klubben ved Åsane terminal stor satsing på kulturaktivitetar og utvikling av eigen kreativitet og ferdigheiter. I Loddefjord har klubben bak Vestkanten vore ein viktig plass for ungdom i lang tid. Etter at fleire musikarar med tilknytning til bydelen fekk stor kommersiell og kunstnarisk suksess på slutten av 2000-talet, sto klubben i sentrum for ein auka stoltheit og identitetskjenne blant ungdom i bydelen. I Bergen

sentrum har ein ungdomshuset 1880, med ein klar kulturprofil med stor deltaking frå ungdom i drifta og gjennomføring av arrangement. Samtidig støttar kommunen drift av til dømes Bymisjonen sitt lågterskeltilbod V13.

Ein tredje modell er klubbar og tilbod drivne med ulik frekvens av lag og organisasjonar, med tilskot frå kommunen. Dette er ei løysing som eksisterer i Meland i dag, mellom anna på Flatøy, Tveit, Dale, Grasdal, Vikebø og Frekhaug. Kommunale tilskot går som oftast her til utstyr og materiell, og ved å stille lokalar til disposisjon. Dette er ein vanleg form for drift av mange ungdomsklubbar i Noreg, men kjem oftast i tillegg til kommunale tilbod og gjerne med eit meir lokalt preg og innsats i tillegg til eigne organisasjonstilhøyrande perspektiv.

Det er ein enorm frivillig innsats som leggjast ned i desse klubbane. Dei har ofte ei sterk lokal forankring og kjennskap til ungdom i sitt nærmiljø. Her tek lokalmiljøet sjølv del i å skape tilbod til ungdom og inkludere dei, samt å leggje til rette for nye generasjonar med frivillige. Ein slik klubb er knytt til ein organisasjon eller eit livssyn, noko som Meland ungdomsråd over lenger tid har peika på kan ekskludere ungdom og at ein har behov for ein organisasjons- og livssynsnøytral plass å vere, i tillegg til dei eksisterande.

Ein fjerde modell kan vere ein kommunalt eigd ungdomsklubb, som er driven av frivillige einskildpersonar utan ei formell ramme i ein frivillig organisasjon. Her vil lokalet, utstyret og drifta av aktivitetane kunne vere kosta av kommunen, men gjennomføringa vil kunne vere gjort av frivillige. Ei slik ordning vil i utgangspunktet kunne spare kommunen for lønsutgifter til ungdomsarbeidar, men det vil likevel vere behov for ein viss kommunal arbeidsinnsats for å ha regien på tilbodet. I dag er det ikkje personalkapasitet ved tenesteområdet til dette. Slik overordna koordinering er tidkrevjande og vil ta kapasitet frå andre oppgåver.

Frivillighet og ungdomsklubb

Det er ein frivillig sitt privilegium å slutte å vere frivillig, og det er truleg at ein over lenger tid ikkje kan rekne med å leggje til grunn frivillig innsats frå nok vaksne til å oppretthalde tilbodet på det nivået det var meint å ha. Ein av dei viktigaste funksjonane til ein ungdomsklubb er i møtetpunktet mellom ungdom og vaksne tillitspersonar. Undersøkingar viser at for mange ungdomar kjem ungdomsarbeidaren høgt opp på lista over vaksne dei stolar på. Det å ha ein eller fleire faste andlet, som frontar tilbodet og er med å byggje relasjonar over lang tid, er heilt sentralt for kva grad ein ungdomsklubb kan ha ein positiv verknad for eit ungdomsmiljø.

I eit slikt arbeid kan ein komme i kontakt med ungdom som har tunge og vanskelege opplevingar bak seg. Ungdomen må kunne stole på at det er absolutt tillit med den vaksne. Krav om politiattest og teieplikt knytt til straffelova vil vere minstekrav til å delta som frivillig i eit slikt tilbod. Dette krev òg ei forståing for kva rolle ein har, og kva for meldeplikt ein har for å eventuelt melde vidare einskilde omstende til andre etatar, særleg med tanke på straffbare forhold. Ved ein slik modell vil ein få eit tilbod der teiepliktige opplysingar kan komme frivillige i hende, i eit tilbod som er i kommunal regi. Dette kan komme til å verke prinsipielt problematisk, sjølv om liknande forhold er til stades ved til dømes besøkstenesta og ordninga med flyktningefadrar. På førehand vil det vere vanskeleg å vurdere om erfaringa derfrå utan vidare kan overførast til arbeid med barn og unge.

Eit ungdomstilbod i kommunal regi vil medføre eit minimumsansvar for bruken og aktiviteten. Dersom ein set opp rutinar og prosedyrar for korleis ein skal høva seg til mobbing, skade eller overgrep, så har ein og eit ansvar for at dette vert følgt opp og kven som har kontroll på dette. Dersom ei hending skjer er ein i eit juridisk grenseland for kva ansvar kommunen har for hendinga, og om kommunen kunne ha gjort noko for å forhindre henne. Dette er òg aktuelt ved drift med kommunalt tilsette, men må særleg vektleggast når det gjeld samarbeid med frivillige

einskildpersonar. Eit samarbeid, der ein organisasjon står for drifta av eit tilbod som vart initiert av kommunen i eit kommunalt eigd lokale, vil òg falle inn under denne problemstillinga.

Problemstillinga bør vidare vurderast mot Lov om skadeerstatning. Dersom det skjer personskade i lokalet og oppdragsgivar, her kommunen, ikkje har gjort det ein skal for å hindre personskadar, kan ein ha eit erstatningsansvar.

Banklokalet i Meland rådhus

I årsskiftet 2014/15 vart lokala som har vore nytta av Sparebanken Vest ledige. Lokala er på kring 170 m², fordelt på hovudrom, fire kontorar, eit lagerrom, eit tekjokken med toalett og ein garderobe med toalett. Kontora har lettveggar, dei sørlege med dører med glas, mens kontora i nord har full glasflate på kortvegg mot gang. Det er vindaug mot fortau og parkeringsflate i vest og mot ålmenning/gangareal i sør. Inngangsdør er gjennom to enkle automatiske skyvedører. Rømmingsveg er inn gjennom gang bak vaksenopplæringa og ut personalinngang retning nord. Lokala er svært sentralt og synleg plassert i nærleiken av service- og handelstilbod, kollektivknutepunkt og to ungdomsskular.

Ein vil i det følgjande søkje å belyse ulike punkt som særleg peikar seg ut i spørsmålet om lokalet er egna til drift av ungdomsklubb. Det er sannsynleg at det vil vere krav om nytt bruksløyve, som vil føre til at ein må oppfylle dagens krav til føremålet. I tillegg må ein sørgje for at forsikringa på bygget er tilpassa gjeldande aktivitet.

Inngangsdører

Ved normal innstilling vil den inste døra opne seg ved rørsle dei nærmaste 2,5 meterane inne i lokalet. Ho kan stå i open posisjon, men ein vil da miste slusefunksjonen og kulda vil trekke rett inn når den ytste døra opnar seg. Inngangsdørene er tilpassa eit butikklokale. Ved bruk av lokalet til møte i Frivilligforum hausten 2015 gjorde dørene det naudsynt å prøve og unngå ferdsel i ein større omkrins av døra. Det er ikkje mogleg å ha manuell kontroll over døra på ein god og trygg måte. Ein slik dør er ikkje egna ved bruk av lokalet som ungdomsklubb og må i tilfelle skiftast ut.

Innsyn

Det er fullt innsyn i lokalet, særleg etter det vert mørkt. Eit ungdomsarrangement her vil kunne betraktast frå store delar av Frekhaug senter. Avvikling av gode og naturlege tilpassa ungdomstilbod går vanskeleg over eins med eit slikt innsyn. Innsynet vil vere svært openbart frå innsida og kunne vere ein dempar på avviklinga av tilboda. Ungdom bør kunne gå på ein fritidsklubb utan å måtte frykte å verte betrakta frå utsida, av fleire grunnar. Ved Ungdomsrådet si synfaring var det fleire som var uroa av kor mykje innsyn det var. Innsynet er svært problematisk for å nytte lokalet som ungdomsklubb og vindauga må i tilfelle dekkast til på ein estetisk akseptabel måte.

Lydlekkasje

Lokalet er ikkje lydisolert. Bak lettveggar mot nord har i dag vaksenopplæringa tilhald. Desse veggane har høg lekkasje av lyd og det var mogleg å høyre kvardagslege lydar gjennom veggane til banken då den var i drift. Det er truleg stort potensial for lydlekkasje til kontora i etasjen over banklokalet. Vindauga og døra er òg store lekkasjepunkt for lyd. Bruk av lokalet til drift av ungdomsklubb vil føre til lydlekkasje frå til dømes høg prat, aktivitetar og lydanlegg til musikk, spel og film. Ein lydisolasjon vil innebere å flyte rommet, skifte ut alle vindaug, dører, strøm- og nettpunkt og ha behov for eit tilpassa ventilasjonsanlegg. Slike tiltak vil truleg redusere takhøgda i lokalet. Kostnaden for dette vil vere svært stor. Utan eit slikt tiltak vil ikkje bruk av lokalet på dagtid gå over eins med drift av kontora i bygget elles. Timane like etter skulen er ferdig for dagen er svært viktige for drifta av eit godt ungdomstilbod. Ved drift etter kontortid kan høg lyd som ber ut på gata føre til klagar frå bebuarar i sentrumsområdet. Lokalet er ikkje egna til bruk som ungdomsklubb utan ei

lydisolering, som vil i tilfelle vere ei omfattande investering.

Glasveggar

Glasveggane er munnleg meldt å ha kollapsa tidlegare, utan ytre påverknad. Spesielt med tanke på auka aktivitet i lokala går glasveggane ikkje over eins med bruk av lokalet som ungdomsklubb og må i tilfelle skiftast ut eller takast vekk.

Universell utforming

Toaletta er ikkje universelt tilgjengelege. Utan tilgjengelege toalett vil ein ekskludere barn og ungdom frå å bruke klubben. Lokalet vil ikkje kvalifisere for spelemidlar. Når det gjeld universell utforming er ikkje lokalet egna som ungdomsklubb utan ei eventuell investering i nytt toalett som eit minimum.

Kapasitet og rømmingsvegar

Lokalet må vurderast for kapasitet på rømmingsvegar sett i forhold til endra bruk. Det er ikkje gjort ei vurdering av dette i denne saka. Ved bruksendring av lokalet, må lokalet oppfylle dagens krav til føremålet.

Inventar, utstyr og møblar

Lokalet er ikkje tilrettelagt og møblert. Utstyret frå den gamle ungdomsklubben er i varierende tilstand. Det vil krevje investeringar til inventar, utstyr til aktivitetar og møblement før ein kan starte ein ungdomsklubb i banklokalet.

Banklokalet som ungdomsklubb

Ein ungdomsklubb i banklokalet kan verte driven på fleire måtar, som vist tidlegare. Dersom den skal drivast som ei kommunal teneste med ein eller fleire tilsette, med eller utan medverknad frå frivillige, må omfattande investeringar til for å kunne vere tenleg til slikt bruk. Dette gjeld òg dersom klubben skal drivast i regi av ein frivillig organisasjon, der det i tillegg må søkjast ei formell avklaring av ansvarsforholda . I begge tilfelle må kommunen stille med midlar til mellom anna utstyr og møblement.

Dersom ein vel å ha ein ungdomsklubb i kommunal regi, men som drivast av frivillige einskildpersonar, kjem ein i kontakt med fleire ulike problemstillingar knytt til ansvar, forsikring og tryggleik, utover dei naudsynte investeringane

Banklokalet er etter tenesteområde kultur si vurdering ikkje egna til bruk som ungdomsklubb utan omfattande investeringar i bygget, som vil gå forbi aukinga på budsjettet for 2016 på kr 200 000 til føremålet. Dersom ein skal drive ein klubb i lokalet utan investeringar i bygningsmassen, kan ein komme i konflikt med ansvaret for tryggleiken til arbeidstakarar, frivillige og brukarar.

Ein føresetnad for å skipa til ein ungdomsklubb i banklokalet må vere at lokala er godkjende og trygge for brukarane. Vidare har ikkje tenesteområdet ressursar til å organisere frivillige i arbeidet, noko som vil gjere det svært utfordrande både å starte opp eit tilbod og å føre det vidare.

Utan investeringar kan ikkje banklokalet oppfylle krav til status som lokalt kulturbygg, der kulturaktivitet må vere hovudaktiviteten. Sjølv ved å gjennomføre investeringar er det ikkje utan vidare gitt at ein kan ha ein regulær scene i lokalet, særleg med tanke på takhøgda. Det gjer at ein ikkje naudsynlegvis kan søkje spelemidlar før ein veit at noko slikt kan gjennomførast, både med tanke på investering og drift av tilbodet. Musikkutstyrsordninga, som kan støtte til dømes lydanlegg og lydisolasjon, har som krav at staden skal ha fast konsert- eller øvingsverksemd. Dette krev òg

scene eller øvingslokale.

Dette medfører at sjølv med investeringar vil lokalet sin bruksfunksjon vere knytt til ungdomsklubb og ikkje til andre kulturaktivitetar i særleg grad. Utan investeringar kan ein ikkje utan vidare nytte lokalet til anna kommunal eller frivillig verksemd i den tida det ikkje nyttast av ungdom.

Når det gjeld kostnadar som ikkje er knytt opp mot bygningsmassen kan kr 200 000 sørgje for utstyr og møblement til ein ungdomsklubb. Av møblement er det behov for kjøkkenutstyr, stolar, bord og sofaer. Av teknisk utstyr er det behov for lydanlegg, DJ-utstyr, prosjektor, lerret og lys. Ein bør ha utstyr til aktivitetar, som til dømes nettbrett, spelkonsollar med utvida bruk og brettspel. Fysisk aktivitet utanfor klubblokalet er ein viktig del av mange ungdomsklubbar sin aktivitet, og ein bør òg sjå etter utstyr som kan vere med å setje i gang slike tiltak.

Ein klubb må vere interessant og spennande å besøke og bidra i for ungdom frå første stund. Det betyr ikkje at den må vere fullt utstyrt. Ein ungdomsklubb vil utvide utstyrsparcken sitt etter kvart, mellom anna med eksterne tilskot, men det er ein minste terskel for kva inventar ein klubb må ha for å drive eit interessant tilbod for ungdom i ei tid der det er svært kort veg til anna potensiell underhaldning. Ein klubb som tidleg får rykte om å ikkje ta ungdom på alvor vil få ein tøff start.

Vidare må utstyr haldast ved like og det må vere ein post knytt til dette. Som til utstyr kan ein til ein viss grad hente inn eksterne tilskot til aktivitetar, til dømes frå den nasjonale tilskotsordninga mot barnefattigdom, men ein er avhengig av eigendelar og frie midlar for å sørgje for aktivitet. Dersom kommunen skal ha eit langsiktig partnerskap med frivillige organisasjonar må ein kompensere deira utgifter. Det er ikkje å rekne med at frivillige organisasjonar kan ta på seg utgifter i samband med slik drift.

Ein klubb med ein nær plassering til butikkar og andre servicetilbod kan måtte kjempe om merksemda til brukarane under aktivitetane. Det vil òg kunne vere mindre grunnlag for å drive kiosksal og matservering når det ligg nært dagligvarebutikkar.

Ungdomsrådet gjorde vedtak den 7.1.2016 i sak om vegen vidare for ungdomsklubb i Meland, «*Ungdomsrådet ønskjer ikkje å ha ungdomsklubb i banklokalet, på bakgrunn av diskusjonen i møtet*». Særutskrift ligg ved denne saka.

Ungdomsrådet stilte spørsmål ved om banklokalet var egna til å drive klubb, med tanke på tryggleik, plassering og kostnadar. Dei såg på meieriet som eit meir naturleg og tenleg bygg, og stilte spørsmål om ei midlertidig løysing kunne verte god nok til å tiltrekke seg ungdom.

Folkehelse

Tiltaket vil vere positivt for folkehelsa til barn og unge.

Miljø

Ikkje vurdert i saka

Økonomi

Tiltaket vil ha innverknad på kommuneøkonomien

Konklusjon

Vurdering gjeldande spørsmålet frå møte i Utval for levekår den 8.9.2015 under aktuelle saker, ULK-49/2015, «*om å få vurdert om banklokalet i kjellaretasjen på Meland rådhus kan vere egna som ungdomsklubb*» ligg føre, med omsyn til vedtaka i Ungdomsrådet den 26.11.15 og 7.1.16, og auka

rammar for 2016 på kr 200 000 til føremålet.

Vurderinga visar til at ein ungdomsklubb er svært positivt for ungdomsmiljøa, og har viktige førebyggjande, kvalifiserande og utviklande funksjonar.

Vurderinga visar til at det er i hovudsak to ulike modellar for drift av ungdomsklubbar i Noreg, anten i regi av kommunalt tilsette, med eller utan frivillig deltaking frå vaksne, og av frivillige organisasjonar, eventuelt med tilskot og hjelp frå kommunar.

Vurderinga visar til at banklokalet ikkje er egna til drift av ungdomsklubb utan omfattande investeringar, med tanke på mellom anna tryggleik.

Vurderinga visar vidare til at tilbod i samarbeid med frivillige einskildpersonar vil føre til fleire prinsipielle og juridiske problemstillingar knytt til dømes til eventuelle hendingar i klubben. Samtidig ser ein at samarbeid med frivillige organisasjonar har vore prøvt oppretta i perioden 2009–2012 utan resultat, og at dei same problemstillingane kan gjere seg gjeldande her som ved samarbeid med einskildpersonar. Ein kan ikkje rekne med at det er frivillige lag- og organisasjonar som har kapasitet til å ta på seg ein slik drift av lokalet over lenger tid. Meland Ungdomsråd har fleire gongar understreka behovet for eit organisasjons- og livssynsnøytralt tilbod.

Samla visar vurderinga til at for å få eit tenleg tilbod må ein gjere større investeringar i bygningsmasse, samt ta høgde for tilsetning av ungdomskoordinator eller klubbarbeidar med frie midlar til å drive aktivitet for.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek meldinga til vitande.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva	FA - B50	16/45

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Plan for Den kulturelle skulesekken 2016 -2019

Vedlegg:

Plan for den kulturelle skulesekken i Meland kommune 2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune mottok kvart år ein viss sum for å gje barn og unge eit tilbod av høg kulturell kvalitet gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS). Midlane vert fordelte frå Hordaland fylkeskommune sin DKS avdeling. Det er ei føresetnad å ha ein gjeldande plan for den lokale verksemda for å motta desse midlane. Meland kommune sin plan gjaldt for perioden 2012 – 2015 og har no gått ut. Hausten 2015 har rådgjevar for skule Reidun Eli Johannessen og inspektør på Grasdal skule Vigdis Valde og leiar for tenesteområde kultur Bente Bing Kleiva laga eit utkast til planen som no ligg føre.

Vurdering

Den kulturelle skulesekken (DKS) er eit svært viktig tilbod for elevane i grunnskulen i Meland. DKS Hordaland sender ut turnear til skulane, men i tillegg får Meland kommune eit tilskot på ca kr.90.000.- kvart år til eigne tiltak. For å få desse midlane på kommunen ha ein gjeldande plan og planen bør vise til kva for prioriterte område ein vil bruke midlane til. «Mange av tiltaka det har vore bevilga pengar til ville ikkje vore mogeleg å få til dersom ein ikkje fekk midlar frå sentralt hald», seier rektorane. Planen for 2016 -2019 vil i større grad enn tidlegare legge vekt på å bruke lokale ressursar, t.d besøk i Holmestova og Sjøbua, samt besøk på aktuelle stader i Nordhordland.

Fleire skular bruker og å reise på ekskursjonar til Bergen for å nytte tilboda til dei større institusjonane, slik tiltak er det og viktig å gje rom for i ein ny plan.

Planen har vore på høyring hos rektorane og innspela er innarbeidd i planen.

Folkehelse – kulturopplevingar er viktige for heile menneske

Miljø – har inga negative konsekvensar

Økonomi – vert dekkja av eksterne midlar, overskytande midlar frå kvart år vert sett på fond til

seinare bruk.

Konklusjon:

Den kulturelle skulesekken er eit viktig kulturtiltak for barn og unge. Meland kommune legg plan for perioden 2016 -2019 til grunn for arbeidet med DKS.

Framlegg til vedtak:

«Plan for Den kulturelle skulesekken 2016 – 2019 vert godkjent.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nina Randal	FE - 233	15/2802

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
07/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom Søknader

Vedlegg:

Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I oktober lyste Barne, ungdoms og familiedepartementet ut midlar mot barnefattigdom. Formålet med midlane er å motvirke/dempe konsekvensane av fattigdom blant barn og unge og at fleire barn og unge skal få delta på viktige sosiale arenaer, som ferie, og fritidsaktivitetar. Tiltaka skal bidra til eit meir inkluderande fritidsmiljø. Offentlege instansar, frivillige organisasjonar og private aktørar skal kunne søkje.

For at søknadane frå Meland skal vera støtteberettiga har kommunen sendt inn skjemaet «Kontaktinformasjon og kunngjøring i kommunen 2015». Dette for å sikre ei kommunal forankring. Etter krav frå Bufdir er det oppretta ein knutepunktsfunksjon, og ei knutepunktsguppe. Målet med denne funksjonen er å skape synergieffektar mellom offentleg og privat innsats.

Knutepunktsfunksjonene sitt mandat er:

«Knutepunktsfunksjon er knytta til tenesteområdet Kultur, Frivilligsentralen.

Frivilligsentralen kallar inn til møte/samarbeid med NAV, barnevern, helsestasjon og psykisk helse.

Møta skal innehalde rapportar, erfaringsutveksling, planlegging av tiltak kommande periode og evaluering i forhold til aktuell målgruppe. Kommunikasjon med frivillig sektor vil skje gjennom Frivilligforum som har regelmessige møte.

Tiltaka det skal setjast fokus på er utanforskap, sosial inkludering, skape rammer for kulturell deltaking og senke terskelen for deltaking i kultur og organisasjonsliv. blant anna å vurdere søknadane og setje opp ei prioriterings liste. Prioriteringslista blir presentert i Ungdomsrådet for innspel.»

Søknadane skal vurderast og prioriterast administrativt og politisk i Utval for levekår. Det skal leggjast til rette for at barn og ungdom kan delta og ha innflytelse i prioritering.

Knutepunktsgruppa har i møte 6.01.16 sett på søknadane og sett opp ei prioritetingsliste. Lista blir presentert i Ungdomsrådet 7.01.16 for innspel.

Vurdering

Det er komme inn 6 søknader frå Meland.

Knutepunktsgruppa har i møte 6.januar 2016 sett opp ei prioriterings liste med begrunning.

1. Sommaraktivitetar for barn – Meland Frivilligsentral. Sommaraktivitetar for barn føregår over ei veke. Ulike organisasjonar saman med Frivilligsentralen står for ulike aktivitetar som t.d. Roknappen, golf, lage tau etc. Tiltaket rettar seg spesielt mot barn som opplever barnefattigdom og flyktningbarn. Tilbodet går ut til alle på barnetrinnet i grunnskulen. Det er då høve for ei påmelding opp til 50% av plassane for dei som tiltaket rettar seg spesielt mot. Ved utgong av påmeldingsfrist vil barn frå denne gruppa ha ein fortrinnsrett. Det er viktig at barna deltar på aktivitetene innanfor trygge rammer.
Søknadssum: 100 000,- I søknadssummen ligg det inne ei assistentstilling (sommarjobb). Dette for sikre at ein vaksen er til stades på alle aktivitetane. Oppgavene er å ha ansvar for kven som deltek frå dag til dag, at barna kjem seg på bussen til og frå, om nokon av deltakarane har spesielle behov som må takast hensyn til, kontaktperson for foreldra, planleggjing etc.

Vurdering: Ein har positive erfaringar med tiltaket frå før. Det er eit lavterskeltilbod der ein legg vekt på inkludering og sosiale møtepunkt for alle barn/ungdom. Aktivitetane skjer i nærmiljøet og er gratis. Ein ønskjer å vurdere om tilbodet kan utvidast til andre feriar.

2. Film for alle – Ungdomslaget Framsteg. Vil gje barn og ungdom høve til å gå på gratis kino. Tiltaket vil også gje ungdom som fell utafor typiske fritidsaktiviteter oppgaver dei kan mestre og delta på. Barn og ungdom får vera med å velge kva filmar som skal visast. I tillegg til voksne, er det også barn og ungdom som hjelper til med å gjennomføre arrangementet. Dei set opp utstyr, står i kiosken og gjennomfører andre praktiske gjeremål. Alle som vil får vera med.

Søknadssum: 30 269,-

Vurdering: Ungdomslaget har erfaring med aktiviteten, utstyr, filmlisens og lokale. Ungdomshuset ligg på Rosslund, nord i kommunen, der det er lite aktivitetstilbod til ungdom utanom idretten. Dei legg vekt på inkludering, og legg til rette for sosiale møtepunkt for alle barn/ungdom.

3. Kultur på kort – Meland Frivilligsentral. Kulturkort/inngangsbilletter til ulike sosiale arenaer. Tiltaket vil gje inngangskort/billetter til ulike kulturtilbud som kan nyttast av barnefamiliar og ungdom som ellers ikkje har høve til å delta. Dette er spesielt viktig inn mot fridagar og høgtider for å gje konkrete opplevingar som kan vera samlande og gje eit aktivitetstilbod på dagar som elles ikkje har organisert aktivitet.

Søknadssum: 50 000,-

Vurdering: Dette er eit konkret tilbod der mottakaren får billetter i staden for pengar som kan brukast på andre ting. Tiltaket fangar opp barn i alle aldrar og familiar, og gjev felles opplevingar for familien.

4. Jevnleg Filmframvisning (kino) for barn ved barneskulen og barn ved ungdomsskulen. Ungdomslaget Solglytt. Ein ettermiddag for barneskuleelever. Ein ettermiddag/kveld for ungdomsskuleelever.

Søknadssum: 10 000,-

Vurdering: Grappa har allereie valgt eit tilsvarande tiltak i eit område som ligg lengre vekk frå liknande tilbod. Ein ser det som positivt at Ungdomslaget har søkt, og oppfordrar dei til å søke neste år.

5. Ferie for alle – Frivilligsentralen i Meland. Å gje familier innafor tiltakets målgruppe ei ferieoppleving som ikkje gjev prioriteringsvansker i forhold til økonomi. Det kan til dømes leigast hytte på Kvamskogen i 10 dagar. Familiar kan låne hytta i opp til 3 dagar i vinterferie/påske, og få dagskort i nærmeste skianlegg.

Søknadssum: 60 000,-

Vurdering: I motsetning til Røde Kors sitt tilbod – Ferie for alle – er dette tilbodet berre retta mot enkeltfamiliar, og passar ikkje alle typar familiar.

6. Bursdag for alle – Meland Frivilligsentral. Å sikre at alle barn i barnehage og barneskule har høve til å delta på bursdagsselskap til barn i same klasse/gruppe, uavhengig av familieøkonomi. Dette ved å etablere ein bursdagsskisse med gaver som lærarar og SFO-ansatte kan hente ut gaver frå til barnas føresatte ved behov.

Søknadssum: 10 000,-

Vurdering: Her treng ein meir grunnlag for å vite om tilbodet når ut til den aktuelle grappa.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Knutepunktgrappa har vurdert søknadane og sett opp prioriteringslista etter retningslinene til Bufdir.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadane til nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vurderinga.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nina Randal	FA - F08	15/2968

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
08/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Frivilligmelding

Orientering

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Orienteringa blir gitt i møtet.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FE - 446	15/2915

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
09/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

System for internkontroll - skulane i Meland

Vedlegg:

System for internkontroll - grunnskulen i Meland, endelig

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Opplæringslova § 13-10 pålegg kommunen som skuleeigar å ha eit system for å vurdere om krava i regelverket vert følgt og følgje opp eventuelle avvik. I høve kommuneloven § 23-2 har rådmannen ansvar for å ha tryggjande kontroll med sin organisasjon, derunder grunnskulen. Rådmann har gitt oppdrag til skulefagleg rådgjevar om å utarbeide eit internkontrollsystem for skulane i Meland.

Vurdering

Eit internkontrollsystem må dokumenterast. Ikkje berre fordi dette er noko av det første det blir spurt om ved eit tilsyn, men også fordi det er naudsynt at det arbeidet som gjerast, vert synleggjort. Det er også lettare å få oversikt og kontroll når arbeidet vert systematisk dokumentert og lett tilgjengeleg. Administrasjonen har nytta kommuneforlaget si rettleiing når system for internkontroll har vore laga. System for internkontroll inneheldt mellom anna:

- Oversikt over aktuelle lover, forskrift og rundskriv og andre styringsdokument
- Skildring av skulen sine hovudoppgåver og organisering
- Dokumentasjon på subdelegering
- Rutine for å vurdere risiko av brudd på regelverk
- Rutine for å gjennomføre periodisk kontroll (bruk av [ReFlex](#))
- Rutine for å følgje opp løande avvik gjennom programmet [KF-Kvalitet](#)
- Rutine for å setje inn tiltak for å lukke avvik
- Rutine for rapportering til administrativt og politisk nivå
- Rutine for å gi informasjon om kvalitetssystemet

Folkehelse – ikkje aktuelt

Miljø – ikkje aktuelt

Økonomi – ikkje aktuelt

Konklusjon

Skuleåret 2015-2016 vil system for internkontroll for skulane bli prøvd ut, med særleg vekt på gjennomføring av periodisk kontroll våren 2016. Bruk av avviksskjema er planlagt tatt i bruk så snart

elektronisk versjon på [KF-kvalitet](#) er klar. I tilstandsrapport for 2015-2016 vil skulane rapportere på resultat av eigenkontroll og avvik.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek skulane sitt system for internkontroll til orientering»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - A10, TI - &30	14/4081

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
10/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Framdriftsplan barnehageplan 2016-2019 (kvalitetsdel)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

På møte i Utval for levekår (ULK) 08. september 2015 orientert administrasjon om status i arbeid med barnehageplan (kvalitetsdel). I sak 47/2015 gjorde ULK følgjande vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om status på arbeid med Barnehageplan 2015 - 2018 til vitande. Utvalet beklagar at denne ikkje er ferdig og ber administrasjonen om å presentere ein framdriftsplan til neste møte.»

Vurdering

Administrasjonen har valt å endre tidsramma for planen til å gjelde frå 2016-2020. Då vil planen gjelde ut valperioden.

Forslag til framdriftsplan:

Oppgåve	Frist
Lage ferdig utkast til plan for gjennomgang i arbeidsgruppa	15. februar 2016
Møte i arbeidsgruppe – godkjenne planutkast	Februar 2016
Redigere plan	Februar 2016
Lage saksutgreiing til ULK – godkjenne at plan går på høring	08.mars 2016 (skrivefrist fredag 26.02.2016)
Plan på høyring i 6 veker	Høyringsfrist 06.05.2016
Behandle innspel og lage saksutgreiing til ULK og KS	27.05.2015
Plan til godkjenning i ULK	07.06.2016 (skrivefrist 27.05.2016)
Plan til godkjenning i KS	15.06.2016

Folkehelse – ikkje aktuelt

Miljø – ikkje aktuelt

Økonomi – ikkje aktuelt

Konklusjon

Planen går på høyring i seks veker i april/mai 2016, og skal til godkjenning i Utval for levekår 07.06.2016 og i Kommunestyret 15.06.2016. Planperioden er endra frå 2016-2020.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår godkjenner forslag til framdriftsplan for barnehageplan 2016-2020 (kvalitetsdel).»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	TI - &30	15/3238

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
11/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Framdriftsplan for temaplan helse, sosial og omsorg 2016-2019

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til tidlegare orienteringar i Utval for levekår når det gjeld arbeid med å utforme temaplan for helse, sosial og omsorg.

Temaplan er som kjend ein overordna plan for retningsval og strategiar der ein samordnar tema frå tidlegare delplanar som: pleie- og omsorgsplan, rusmiddelplan inkl. alkoholpolitisk handlingsplan, bustadsosial handlingsplan, psykiatriplan samt habiliterings- og rehabiliteringsplan.

Kommuneplan 2014-2025 har overordna retningsval - **kor vil vi**. Nokre av desse er særskilt relatert til tema helse, sosial og omsorg:

- Vi skal yte tenester med god kvalitet basert på respekt og toleranse for den einskilde brukar.
- Vi skal gje barn og unge best mogleg tilbod for å førebyggje fysisk og psykiske sjukdomar.
- I Meland skal det vere godt å bu i alle livssituasjonar. Vi skal ha attraktive og varierte bumiljø.
- Meland kommune skal gje tilbod til menneske med ulike hjelpebehov i alle aldrar, i form av pleie- og omsorgstenester og bustader med god kvalitet.
- Ta vare på og rekruttera fagpersonell. Opplæring og kompetansehevande tiltak i alle grupper.

Nemde mål er og presisert med - **kva gjer vi** – som skal vere gjeldande i kommuneplanperioden. Momenta i **kva gjer vi** er tenkt presisert i temaplan med eigne mål og strategiar for HSO i komande 4 årsperiode 2016-2019.

Vurdering

Administrasjon legg fram følgjande plan for framdrift:

Oppgåve	Frist
Lage ferdig utkast til plan for administrativ gjennomgang for aktuelle tenesteområde.	15. februar 2016
Redigere og ferdigstille planutkast.	Skrivefrist 26. februar 2016
Sak til Utval for levekår – godkjenning av	08. mars 2016

plan til høyring	
Plan på høyring 6 veker. Informasjon i aktuelle råd og utval.	Høyringsfrist 06. mai 2016
Handsame innspel og lage sakutgreiing til ULK og KS	Skrivefrist 27. mai 2016
Plan til godkjenning ULK	07. juni 2016
Plan til godkjenning KS	15. juni 2016

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – viser til gjeldande økonomiplan 2016-2019

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår godkjenner framdriftsplan for temaplan helse, sosial og omsorg 2016-2019 slik den ligg føre i saksutgreiing.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	TI - &23	15/3237

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
12/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Informasjon om status arbeid med kommunestruktur

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		15/3134

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
13/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016

Aktuelle saker